

Vilje til vekst og ein god stad å leva



Sveio kommune



KOMMUNEPLAN FOR SVEIO KOMMUNE 2023-2035

RETNINGSLINJER FOR ARBEID MED INNSPEL TIL AREALDELEN

Versjon handsama i kommunestyret 26.09.2022

Vilje til vekst og ein god stad å leva

Som ein del av prosessen med utarbeiding av ny arealdel til kommuneplanen, skal ein gå igjennom og vurdere innspela som er komne inn til arealdelen. Til dette arbeidet er desse retningslinjene utarbeidd, som skal fungere som eit administrativt arbeids- og styringsdokument. Retningslinjene er handsama av kommunestyret 26.09.2022 for å sikre forankring av arbeidet.






I ein del tilfelle vil retningslinjene kunna vera i konflikt med kvarandre, fordi dei skal sikra ulike interesser. Det same gjeld overordna retningslinjer og strategiar. I slike tilfelle vil arbeids- og styringsgruppa gjera ei heilskapleg vurdering av planen for å sjå kva tiltak eller interesse som bør prioriterast og ikkje.

Retningslinjene skal saman med regelverk, overordna føringar og dei kommunale føringane som ligg i samfunnsdelen, danne grunnlaget for siling og utval av innspela, samt vera premisssgjevande for konsekvensutgreiing (KU) og prioritering av areal.

Retningslinjene er utarbeidd med bakgrunn i vedtekne kommunale mål og strategiar, og har blitt revidert etter dei endringane som blei lagt fram ved handsaming.

1. Overordna mål og strategiar

Visjon: "Vilje til vekst og ein god stad å leva"

Nasjonale og regionale mål FN sine berekraftsmål	Kommunalt fokus Felles overordna fokusområde	Kommunen sine strategiske val Politiske føringar frå planstrategien	Innspel frå publikum, interessegrupper og internt i kommunen
	Klimatrugsmålet	<ul style="list-style-type: none">• Skapa arbeidsplasser• Stimulera til bustadutbygging med fokus på prinsippa om samordna arealplanlegging• Styrkja sentrumsutviklinga og senterstrukturen for å sikra god tilgang til handel, tenester og servicefunksjonar for innbyggjarane	Tenester med kvalitet
	Folkehelse/livsmestring	<ul style="list-style-type: none">• Ønskje om vekst i heile kommunen• Sikra gode og trygge trafikktilhøve• Sikra gode bumiljø med tilgang til daglege funksjonar	Planlegging
	Digitalisering	<ul style="list-style-type: none">• Samarbeida med nabokommunar, og vera med å støtta Haugesund og Leirvik som regionsenter	Miljø
	Samfunnstryggleik og beredskap	<ul style="list-style-type: none">• Vidareutvikla god tenesteyting til ibuarane• Styrkja skulen i høve til kunnskap i lesing og rekning	Identitet
	Demografiske endringar	<ul style="list-style-type: none">• Sikra gode grøntområde og tilgang til friluftsliv• Aktivt utvikla potensialet det er å vera ein kystkommune• Vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har, og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving	Gode verdiar

VERKSEMDSOMRÅDE

- Helse og omsorg
- Skular og barnehagar
- Kultur
- Reiseliv, turisme og fritidsbustadar
- Bustad- og næringsutvikling

- Sentrumsutvikling
- Samferdsle og infrastruktur

- Bruk og vern av strandsona

STRATEGISKE PRIORITERINGAR

- God helse, eiga meistring og trivsel**
- Gode oppvekstvilkår**
- Aktive lokalmiljø og mangfald**
- Aktivitet og attraktivitet gjennom lokale tiltak**
- Befolkningsutvikling, arbeidsplassar og vekst i heile kommunen**
- Aktivitet i eit attraktivt kommunesenter**
- Trygg trafikk, gode kommunikasjonar og kommunale anlegg**
- Bruk og vern av strandsona**

2. Retningslinjer

Et er eit mål å ha utbyggingsområde i alle delar av kommunen, der det er teknisk infrastruktur. Der det er mogleg å utvida eksisterande utbyggingsområde, kan dette vera eit alternativ til nye område.

Utbygging

- Ved utbygging/fortetting i allereie utbygde/delvis utbygde byggjeområde for heilårs- eller fritidsbustadar kan kommunen etter vurdering gi løyve til tiltak utan å stilla krav om reguleringsplan. Dette gjeld inntil tre nye brukseiningar
- Grunneigarar som ønskjer utbygging bør prioriterast med omsyn til nye byggjeområde i kommuneplanen
- Vurdere om utbyggingsområda i gjeldande plan allereie dekkar behova, eller om det er behov for fleire område
- Leggja til rette for forsvarleg utbygging av heilårsbustadar og fritidsbustadar i sjønære område med tilhøyrande anlegg til sjøen
- Takast stilling til om det er område som bør relokalisert - tilpassa behov og omsyn til arealressursane og samfunnsøkonomi
- Reguleringsplanar som har starta utbygging eller har konkrete planar om utbygging, må få reguleringsplanen vidareført. Utover dette kan område som ikkje blir realiserte slettast og relokalisert
- Tillate noko spreidd utbygging for å sikre utvikling i heile kommunen. Område kor det i dagens kommuneplan er tillate med spreidd utbygging vurderast vidareført eller flytta
 - Eventuell spreidd bustad bør skje innanfor eller i direkte nærleik til eksisterande busetnad og infrastruktur mv.

Vilje til vekst og ein god stad å leva

- Vurdera utbygging av nye område for fritidsbustadar, eller fortetting/utviding av noverande område som kan nyttast til føremålet, der det er eksisterande infrastruktur. Nye fritidsbustadar til sjø må òg vurderast der det er praktisk mogeleg
- Vurdere mogelegheit for å unngå plankrav ved fortetting i eksisterande utbyggingsområde
- Godkjenna bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad der vilkåra ligg til rette for det. Det bør vera opning òg for å endra frå bustad- til fritidsføremål
- For mindre nye byggjeområde for heilårs- eller fritidsbustadar kan kommunen i LNF «ja-område» etter vurdering gi løyve til tiltak utan å stilla krav om reguleringsplan, der utbygging eller frådelling gjeld opp til tre nye brukseiningar
- Nye større utbyggingsareal:
 - o bør liggje til eksisterande teknisk infrastruktur, her medrekna trygg skuleveg eller skule-skyss
 - o skal vurderast opp mot samfunnstryggleik og beredskap
 - o skal i utgangspunktet ikkje røre ved registrerte natur-, friluftsliv-, eller landskapsverdiar
 - o skal ikkje røre ved verna kulturminne- eller kulturmiljø, og skal i utgangspunktet ikkje røre ved andre registrerte kulturminne- og kulturmiljø, men omsynssonene kan redusertast til minimum
 - o nye bustadområde bør ha nærleik til viktige samfunnsfunksjonar (skule, fritidsaktivitetar og handel- og servicefunksjonar) og grønstruktur og friluftsliv mv.
 - o skal vurderast i forhold til ny E39 der det er mogeleg
 - o nye bustadprosjekt med meir enn 30 bustader og bygg større enn 500 kvm brutto, bør det leggast til rette for alternative energiløysingar
- Sikre tilgjenge til varierte bustader og bustadtomter som dekkjer alle behov og ønskje, samt tilgjenge til bustadmarknaden for alle – særskilt mot unge nyetablerarar
- Utbygging av nye større bustadområde/-felt utanfor Sveio sentrum bør i første hand skje i områda rundt Valevåg-område, Auklandshamn, Førde og Vikse/Rophus/Ekrene for å sikra god vekst i desse grendasentera
- Vurdere bustadområde i heile kommunen med «store» tomter, ved å dele opp uproduktivt areal, ev. «grøne» bustadområde
- Vidareutvikle Førde som tettstad (vurdera arkitekturrettleiar for vidare utbygging av dei mest sentrale delane av bygda)
- Tilstrebe å få bustadområde òg til sjø og vatn
- Eksisterande og nye utbyggingsareal i strandsona skal vurderast opp mot funksjonell strandsona og Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen
- Setje byggegrense mot sjø i alle utbyggingsføremål, der reguleringsplanen går til sjøen

Vilje til vekst og ein god stad å leva

- Leggje til rette for båt plassar og finne areal som eignar seg til småbåthamner og -anlegg inkl. naust/naustboder. For slike område som viser på plankartet skal det som hovudregel ikkje settast krav om reguleringsplan. Dersom det er vist større anlegg skal det visast i plankartet dersom det skal stillast krav om reguleringsplan
- Alle naustareal i eksisterande kommuneplan skal vurderast vidareført eller flytta. Det skal ikkje settast krav om reguleringsplan for naust og flytebrygger
- Der det er hensiktsmessig og praktisk mogleg, skal ein kunna omklassifisera naust til fritidseigedom
- Sentrumsutvikling blir vurdert konkret i kommunedelplanen for Sveio sentrum

Næring

- Leggje til rette for etablering av teknologi- og kunnskapsbaserte næringar
- Leggja til rette for næringsformer som turisme, reiseliv, gardsturisme og oppleving, i tillegg til akvakultur, landbruk og anna næring
- Detaljhandel på Ekrene skal vurderast
- Leggja vekt på vidareutvikling av eksisterande aktivitet ved golfbaneområde, Sveio sentrum, Ekrene næringspark, Hanaleite, Haukåskrysset, Fjon, Tjernagelshaugen, Mølstrevåg, næringsområde N_8 og ved N_16 i sentrum
- Det skal vera råd for privat å bygga utleiehytter på spesielle område (liknande Flokehyttene eller tretopphytter)
- Næringsområde i eksisterande plan skal som hovudregel vurderast vidareført eller flyttast. Nye næringsområde, særleg til sjøen langs hovudskipsleia og langs E3 / Fv.47, skal ein søkja å få til
- Gi plass til vekst i akvakulturnæringa og andre sjøretta næringar, her medrekna næringar som må ha tilgang til sjøen med hamn, og leggja til rette for nye hamneutbyggingar
- Vurdera areal for landbasert havbruksnæring
- Leggja til rette for utnytting av naturressursar som uttak av naturstein/masseuttak eller tilrettelegging for berekraftig og fornybar energi (ikkje vindturbinar)
- Ha ein plan for deponi/bruk av massar ifb. ny Bømlafjordtunell/ny E39 (kan bli framtidig næringsareal)

Anna

- Leggja til rette for utbygging av veg, vatn og avlaup, gang- og sykkelveggar først og fremst knytt til dei prioriterte utbyggingsområda
- Vurdere eigna område for vidare utbygging av vatn- og avlaupsanlegg
- Vern av nedslagsfelt for drikkevatt. Dersom det eksisterer utskilte parsellar til fritidsbu-stader innanfor desse områda, bør kommunen vurderast å kjøpa desse

Vilje til vekst og ein god stad å leva

- Satse på grøn mobilitet og avsetje areal til grønne energiløysingar
- Avklare kjerneområde for landbruk (til vurdering hos Formannskapet 17.10.2022)
- Leggja til rette for andelslandbruk
- Vidareutvikle hovudattraksjonane Ryvarden, Fartein Valen (-heimen/landskap) og Sveio golfpark, og etablera Førde og Valestrand som besøksmål
- Leggja til rette for, og driva fram, nye aktivitetar og opplevingar i heile kommunen
- Sikre verdifulle natur- og friluftslivsområde- og turløyper, samt vidareutvikling av eksisterande idrettsanlegg og ev. nye
- Sikre vassdrag og kringliggjande kantsoner

VEDLEGG Overordna føringar og retningslinjer

Gjeldande planar og strategiar m.v. (lista er ikkje uttømande);

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Lov om kulturminner, naturmangfoldloven m.v.
- Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland
- ATP Haugalandet
- Kommunal planstrategi for Sveio 2020-2023
- Akseptert utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel
- Gjeldande kommuneplan med arealdel og samfunnsdel
- Salamanderregistrering (2006 og 2018)
- Kartlegging av naturtypar
- Kartlegging viktige viltområder (prioriterte viltområder)
- Barnetråkkregistrering 2017
- Kommunedelplan for kulturminne 2015-2017
- Temaplan for fysisk aktivitet 2016-2020
- Klima- og energiplan 2011-2015 (vidareført i 2017)
- Barnehagebruksplan 2016-2026
- Sveio næringsplan 2014-2018
- Kvalitetsplan for Skulefritidsordninga (SFO) i Sveio kommune 2017-2021
- Kvalitetsutviklingsplan barnehage og skule 2016-2020
- Beredskapsplanar
- Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune 2016-2020
- Trafikksikringsplan 2017-2028
- Bustadsosial plan 2014
- Mulighetsstudie Valebygda 2020
- Stadanalyse Sveio sentrum
- Klausuleringsbestemmelser for Stakkastadvatnet med nedbørsfelt 1997/2010
- Hovudplan for vassforsyning 2012-2023
- Frivilligplan for Sveio kommune 2019-2023
- Kartlegging av funksjonell strandsone (Akvator 2014)